



Arkivnr: 2016/11222-37

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		01.10.2019

## Selskapskontroll av Bybanen AS - Revisjonsrapport

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet bestilte i sak PS 91/18 Selskapskontroll av Bybanen AS i møte 24.09.2018 der det av den godkjende prosjektplanen går fram at føremålet med selskapskontrollen har vore:**

«Føremålet med selskapskontrollen har vore å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Bybanen AS. Selskapskontrollen har også undersøkt om selskapet har etablert gode rutinar for informasjon om og oppfølging av hendingar som har konsekvensar for drifta, og vidare om det er etablert ei god samhandling mellom selskapet og samarbeidspartnarane.»

### **På bakgrunn av føremålet har følgjande problemstillingar blitt undersøkt:**

1. Har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?
  - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
  - b. I kva grad har fylkeskommunen følgt opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
2. I kva grad er det etablert tydeleg ansvar og rolledeling mellom Bybanen AS og andre aktuelle aktørar slik som Skyss, Bybanen Utbygging og operatørselskap når det gjeld etablering av ei trygg og føreseieleg drift av Bybanen?
3. Er det etablert system og rutinar som sikrar at det blir gitt naudsynt informasjon både internt, til samarbeidspartar og kundar ved eventuelle driftsutfordringar?

4. I kva grad har Bybanen AS tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre at ein tar lærdom av hendingar, evalueringar, gjennomførte tilsyn mm.?

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig selskapskontroll av Bybanen AS. Revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten er også send i posten til dei møtande medlemmene. Rapporten har vore send til uttale hjå Fylkesrådmannen og selskapet. Uttalane går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne selskapskontrollen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Det går fram av punkt 7 i rapporten at Deloitte tilrår at **Hordaland fylkeskommune** sett i verk følgjande tiltak:

- 1) Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
- 2) Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS
- 3) Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
- 4) Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
- 5) Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
- 6) Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane

Deretter går det fram av punkt 6 i rapporten at Deloitte tilrår at **Bybanen AS** sett i verk følgjande tiltak:

- 1) Utarbeide ein styreinstruks
- 2) Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
- 3) Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
- 4) Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
- 5) Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
  - a. Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b. Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
- 6) Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Det har vore vanleg praksis at dette også gjeld rapportar om selskapskontroll. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Det vil vera naturleg at Hordaland fylkeskommune som eigar i selskapet får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld fylkeskommunen. Vidare vil det vera naturleg at Bybanen AS får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld selskapet.

På bakgrunn av at Hordaland fylkeskommune skal slå seg saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 01.01.2020 vil det ikkje vera føremålstenleg å be noverande fylkesrådmann om å komme tilbake til kontrollutvalet med ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, slik det er vanleg å gjera i slike saker. Sekretariatet tilrår i staden at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.

Vidare vert det tilrådd at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune vert anmoda om å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet innstiller på å be Bybanen AS om å syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Forslag til innstilling**

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane

7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
  - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Hordaland fylkeskommunen - selskapskontroll av Bybanen AS